

**04**  
2023  
84. ÅRG.



# Prekestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,  
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN



**5** SORG   **8** ET ØRLITE   **14** FRA TEORI TIL PRAKSIS  
HÅP   I TAU KIRKE

## INNHOLD

Frå redaksjonen	<b>2</b>
Andakt	<b>3</b>
"Tau Kyrkje Syng!"	<b>4</b>
Sorg	<b>5</b>
Når vi mister det vi ikke ikke makter miste...	<b>6</b>
Salme	<b>7</b>
Et ørlite håp	<b>8</b>
Camp Ryfylke	<b>10</b>
Oss menneske imellom	<b>12</b>
Fra teori til praksis i Tau kirke	<b>14</b>
Asante Mongo - Takk Gud!	<b>16</b>
Altertavla i Årdal gamle kirke	<b>18</b>
Oppslagstavla	<b>20</b>
Slekters gang	<b>23</b>
Info om kyrkjekontor	<b>26</b>
Gudstenester	<b>27</b>

# ALLEHELGENSDAG

Hva forbinder du allehelgensdag med? Før ble denne dagen i kirkelig tradisjon i Norge kalt for Helgemesse. Den blir fortsatt feiret den første søndagen i november, og nå kaller vi den allehelgensdag. Da minnes vi de av våre som har gått bort, og det kan være mange fuktige øyne i kirken denne dagen.

Som voksne har vi alle mistet noen. Sorgen og savnet kan være nært og vanskelig, eller det har gått en tid og begynt å bli noe lettere. Akkurat som vi er forskjellige når det gjelder veldig mye annet i livet, er vi også forskjellige i hvordan vi sørger, og hvor lang tid vi trenger for å komme dit at sorgen ikke er så voldsom og altoppslukende mer.

Noen ønsker å snakke med flere om sorgen sin, noen vil bare snakke med en nær venn eller venninne og andre vil ikke snakke om den med noen i det hele tatt. I flere menigheter er det etablert sorggrupper. De er til hjelp for mange. Det kan være veldig godt å få snakke sammen med andre som har opplevd å miste og sørge. Kanskje kan vi hjelpe hverandre videre?

Håpet om at vi en dag skal få møtes igjen i Himmelten er et godt håp å ha! For noen er dette håpet bare eventyr, for andre er det en realitet. Troen på Gud gir oss kristne håpet om at vi skal møtes igjen i det neste livet, det evige livet hos Gud. Det er det stor trøst i!

*Marit Rølland*

**Adresse:**

 Postboks 188  
 4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 3. desember.  
 Frist for innlevering av stoff er  
 3. november

**Redaksjon:**

 Marit Rølland  
 Liv Åse Gaard  
 Yvonne Langeland Meltveit  
 John N. Nessa  
 Haldis Karine Nilsen  
 Siv Fossan  
 Reidunn Ferstad  
 Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**

 Liv Åse Gaard  
 kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i postkassen, kan de ta kontakt med eitt av kyrkjekontora.  
 Sjå tlf. nr. s. 26.

Abonnementspris: Kr 300 pr år eller kr 80 pr. blad.

Bankgiro **3205.30.06158** eller  
**vpps**-nummer **105004**

**Design og trykk:**

 Ålgård Offset  
 Opplag: 7400

**Framsidefoto:**

Fotograf: Yvonne Langeland Meltveit





# KVA ER EIN HELGEN?

TEKST: SIGRID SIGMUNDSTAD, PROST I RYFYLKE  
FOTO: JARLE HAGEN

Det er haust og det nærmar seg Helgemesse eller Allehelgensdag som me og kallar den. Mange tenner lys på gravene, og i kyrkjene våre får dei som har mista ein av sine det siste året ein invitasjon til å kome til gudsteneste denne søndagen. Namna til dei døde blir leste og lys tende. Me hentar fram minner, lar sorga og saknet få rom. Samtidig handlar helgemesse like mykje om håp. Håpet om at livet er større. Håpet om at Gud tek imot oss i sin himmel. At det fins heilag nåde og kjærleik som er større enn våre feiltrinn og vår skiftande tru.

Men kvifor har søndagen helgen-namnet i deg? Og kva er ein helgen? I den katolske kyrkje kan menneske bli helgenkåra. Det er menneske som på ein særleg måte har vist oss glimt av Guds nærvær gjennom slik dei levde livet sitt. Mor Teresa er eit slitt døme på ein katolsk helgen frå nyare tid. Det kan bli litt diskusjon rundt slik helgenkåringar, fordi når me går nærmare inn på livet til folk, vil ein alltid finne sider ved livet deira som absolutt ikkje passar seg for ein helgen. Heldigvis handlar det å vere ein helgen ikkje om å vere perfekt, men om på ein særleg måte peike på Guds kjærleik med sitt liv.

I gravferdsliturgien vår står det ei bøn som eg alltid brukar ved gravferd: «Evige Gud, du som vi flyr til når vi sørger. ...Vi takkar deg for (namnet til den døde blir nemnt) og det du gav oss gjennom hans/hennar liv.» Våre liv betyr noko for andre. Gud vil gi oss noko gjennom dei folka me har rundt oss, og Gud vil gje andre noko gjennom vårt liv.

Når eg har sørgesamtale med pårørande får eg bli vitne til at dei set ord på dei viktige tinga i livet. Det

Jesus seier:

*«Sæle dei som er fattige i ånda,  
himmelriket er deira.*

*Sæle dei som sørger,  
dei skal bli trøysta.»*

Matt 5,3-4

som har betydd mest. Og det er ofte ikkje slike ting som fekk store overskrifter i avisene. Det viktigaste handlar for dei fleste om partisk omsorg og fellesskap mellom store og små. Om middag som blei servert ved kjøkkenbordet, om vaflar som blei stekte, om hjelpende hender når huset skulle byggjast, om friske diskusjonar og respekt som gjekk han di hand, og om vaksne som var der når borna trengte dei. Under dette kan eg ofte aне ei gudstru som viste seg i kvardagsleg omsorg. Men sørgesamtalen er og ein stad for å sette ord på det som ikkje var så lett, for me menneske klarer ikkje å få til alt det gode me skulle ynskle. Difor kan me og kjenne sorg over det som gjekk sund, eller som blei så heilt feil.

I den lutherske kyrkja har me ikkje helgenkåringar. Men me snakkar i truedkjenninga om ei heilage, alminnelege kyrkje. Det er oss, me er heilage og alminnelege. Me trur og tvilar. Me har evne til å gjøre godt, men me kan òg rote ting skikkeleg til for oss sjølv og andre. Heldigvis er det ikkje vår forteneste at me kan kalla oss heilage. Det er Jesus si forteneste. Så la oss takke for det gode Gud har gitt oss gjennom dei som me har mista. Dei som alle har vore litt helgenar på kvar sin måte. La oss lære av det gode dei gav oss, og sette vår lit til Guds nåde den dagen våre dagar her på jorda er til ende.

# «TAU KYRKJE SYNG!»

## FÅR STORFINT BESØK FRA CHICAGO 21. OKTOBER!



Alonzo Berry.



Donald Woods.



Bjarne Lending.

TEKST: ANDERS BERGLUND

«Tau kyrkje SYNG!» er en sangkveld som er ment å dukke opp en gang i semesteret i Tau kirke. Organist i Tau kirke, Anders Berglund, er initiativtaker og konseptet bygger videre på sangkvelder som har blitt arrangert tidligere. Den største forskjellen er at det stort sett vil dukke opp en gjest eller to hver gang - enten lokal eller «utenfra». Målet er uansett at de som kommer til kirken disse kveldene skal få være med å synge i stor grad i tillegg til å bli sunget for.

Lørdag 21. Oktober er det duket for Pastor Alonzo Berry og Hammondorgainst Donald «Buster» Woods. Sammen med Gospelkoret Abraham fra Sandnes ledet av Bjarte Lending og prosrektkor i Tau kirke ledet av Anders Berglund skal de og de fremmøtte synge seg gjennom et par timer med kjente salmer, hymner og gospelsanger. Det eneste akkompagnementet denne kvelden er hammondorgelet. Her vil publikum få høre og synge med på kjente sanger som «O, store Gud», «Salige Visshet», «Oh, Happy Day», sanger av Andraé Crouch osv.

Gjestene denne kvelden er «born and raised» i Chicago (US), og har det meste av sitt liv og virke der. Sammen eller hver for seg har de samarbeidet med noen virkelig store navn innenfor gospelmusikken så som Richard Smallwood, Smokie Norful, Walter og Ed Hawkins, Kim Burell....for å nevne noen.

Om Alonzo Berry skal det en gang ha blitt sagt at han har «one of Chicago's finest voices», og dette er fjerde gang han gjester Norge.

Donald «Buster» Woods regnes som en av Chicagos fremste på Hammondorgelet, og maken til spill vil man vanskelig kunne gå noe sted for å høre her til lands, og kanskje til og med uansett hvor en går i Europa! Donald har aldri vært i Norge før, så dette blir en helt unik mulighet for folk til å bli kjent med han som person og musiker.



# SORG

*Sorg er ein naturleg reaksjon på tap av nokon eller noko som betyr mykje for oss.*

Vi opplever å miste menneske som står oss nær, skilsmisse, sjukdom, tap av helse, store endringar i livet, sorg over det som ikkje blei.

Dei fleste menneske møter sorg ein eller fleire gonger i livet. Nokre slepp unna med sorg over å ha mista gamle foreldre som døyr ein naturleg død, mens andre blir ramma gong på gong. Ofte tenker vi at dette hadde eg aldri greidd å stå i, men du har ikkje noko val, du må stå i det

Sorg opplevest ulikt frå person til person. Sorg etter dødsfall har mykje å gjøre med måten eit dødsfall skjedde på og tilknytninga til den som er død. Etter brå og uventa dødsfall blir det ein fase av sjokk. Du står på sida av deg sjølv og alt er uverkeleg. Det kan verke provoserande at livet går sin gang rundt deg, bussane går, det er nyheter i radioen, totalt uverkeleg og heilt meiningslaust. Livet har stoppa opp for deg.

Sorg er ikkje berre ei mental påkjenning, det går ut over den fysiske helsa og. Det tappar ein for energi og kan gje fysiske smerter.

Det kjenner ein og om ein opplever dødsfall etter ei lang sjukdomsperiode. Det er krevande å vere vitne til at ein du er glad i gradvis blir svekka, mister funksjon etter funksjon og i staden for å vere ein jevnbyrdig, blir hjelpetrengande. Då eg var i den situasjonen, fann eg eit begrep som heiter "ventesorg". Det gav meinung. Du tek ut sorga litt etter litt. Det blir ei anna slags sorg den dagen dødsfallet skjer. Du har fått tid til å førebu deg.

Korleis ein taklar sorg varierer mykje frå person til person. Tidlegare delte

ein sorgprosessen inn i fasar som ein forventa at dei fleste gjekk gjennom. Dette har ein gått vakk frå, og ein seier at alle har sin måte å sørje på, og ingen ting er feil med det. Sorg kan gje uvante og sterke reaksjonar, nokon græt mykje, andre lite, nokon blir sinte, redde, nokon blir aktive, andre vil berre sove, nokon treng å snakke om tapet, andre vil helst vere åleine og sleppe å snakke. Sorg tar tid og krefter. Det finst inga fasit, men det er viktig å gje seg tid til å sørge. Du kan vere trygg på at den måten du reagerer på, er rett for akkurat deg.

Kor lenge varer sorg? Her er det og store individuelle forskjellar. Eg vil seie at det går aldri over, men du lærer deg å leve med det. Det er ingen snarvegar gjennom ei sorg. Gradvis blir ein i stand til å sjå framover, og det er inga motsetning mellom det og å behalde minnene om den som er borte.

Mange syns der vanskeleg å vite kva ein skal seie til ein som er i sorg. Ein vil så gjerne vise medkjensle, men der og då er det vanskeleg å få det fram. Eg trur ikkje det er så viktig kva ein seier. Eit smil, ein klapp på skuldra kan vere like viktig som ord. Men ikkje gå eller sjå ein annan veg når du møter den sørgrjande. Det gjer vondt. Sjølv opplevde eg det veldig positivt at eg fekk tekstmeldingar på telefonen både frå nære og meir perifere. Meldingar som gav uttrykk for medkjensle og fine ord om den som var borte. Eg har sendt slike meldingar sjølv nokre gonger, då får eg sagt det som ligg meg på hjartet, og det blir lettare og møte den det gjeld.

Sørgrjande treng medmenneske, menneske som er der, som kan lytte og hjelpe. Det kan vere familie, venner, sorggrupper eller profesjonelle hjelparar.

Heldigvis opplever dei fleste at sorga blir lettare å bere etter kvart. Ein treng pausar i sorga, treng å få vere glad innimellom, utan därleg samvit for ikkje å sørge nok. Ver raus med deg sjølv og gje deg tid og rom til å sørge på din måte.

TEKST/BILDE:  
JOHANNE MYKLEBUST  
HETLAND, leiar sorggruppe  
Hjelmeland



# NÅR VI MISTER DET VI IKKE MAKTER MISTE...

EN HJELP I SORGEN – SORGGRUPPEN I STRAND OG FORSAND

Når mennesker nær oss dør, opplever vi sorg. Denne sorgen arter seg forskjellig fra person til person. Det er lett å tro at det finnes en «rett» måte å sørge på, men det er det ikke. Sorgen følger ikke faste stadier slik mange tror. De enkelte elementene i sorgen er gjerne gjennkjennelige, men de kan komme litt «hulter til bulter». Plutselig overmannes du av noe du trodde du var ferdig med, som en flodbølge. Andre ganger kan det gå lettere.

Den vonde stillheten etter den du mistet, kan tordne og dundre i hodet ditt. Av og til kan du liksom høre skrittene til han eller henne.

*«Tiden leger ikke alle sår  
Men med tiden finnes det en måte å leve med dem på  
En kommer ikke over det  
En kommer gjennom det – etter hvert»*  
- Tove Houck

## Hva er en sorggruppe?

En sorggruppe er en samtale-gruppe for deg som har mistet noen. Her møter du mennesker i samme situasjon som du selv er i.

Kanskje er du skeptisk til nytten av å møte andre med sorg – «jeg har da endelig nok med min egen!». Det snodige er, at det å være sammen med andre som også har opplevd tap, gir deg opplevelsen av ikke å være alene med de tungt følelsene.

Erfaringene fra tidligere deltakere er at sorgen blir lettere å bære når vi deler den med andre. Du får muligheten til å vise følelser som du kanskje ikke vil dele med alle og enhver. Faktisk viser det seg at vi kan hjelpe hverandre – nettopp fordi vi er på det samme stedet i livet.

Sorggruppen er ikke et kurs eller et behandlingssted. Den er en såkalt «likemannsgruppe». Det vil si

## Temaer vi er innom er blant annet:

- Historien rundt dødsfallet
- Begravelsen
- Møte med papirmøllen
- Den tomme plassen
- Rydding
- Endret økonomi
- De tunge følelsene (lammende tristhet, ensomheten, «forbudte» følelser osv.)
- Selvmord
- Fysiske utslag
- Forholdet til de andre pårørende (foreldre, barn, barnebarn osv.) og deres sorg
- Høytider og merkedager
- Nye tradisjoner
- Livet etterpå – ny orientering

at deltakerne samtalere, gjenkjenner reaksjoner, støtter hverandre og hjelper hverandre til å finne en vei videre.

Vi er to ledere som «driver» sorggruppen. Også i år er dette Ragnhild Tjemsland og Dag Lieungh. Vår oppgave er å legge et program for kveldene og være hjelgere eller katalysatorer i samtalene. Selv om vi lager et program, er det likevel gruppen selv som finner om det er noe spesielt de vil ta opp. Det kan være i forbindelse med kriser, eller om det skjer noe i nærområdet vårt, som trigger sorgen. Litt undervisning om sorg og sorgarbeid får vi også plass til.

I gruppen er vi konkrete. Det vil si at det er din og min opplevelse som det settes søkelys på. Da viser det seg at det, i større grad enn vi gjerne tror, finnes felles trekk i sorgen.

### **Vi starter opp i måneds-skiftet oktober/november**

Gruppen samles sju eller åtte ganger. Hver samling varer en og en halv time. Vi har plass til inntil åtte personer pr. gruppe. Blir det flere, mister vi litt av nærheten vi søker.

Det er Jørpeland menighet som driver sorggruppen. Det legges likevel vekt på at den er åpen for alle, uansett hvilken tro eller ikke-tro du har. Vi tar imot deltakere fra både Strand og Forsand.

Er du interessert, så ta kontakt med kirkekontoret på Tau, Jørpeland eller Forsand.

**VEL MØTT!**

**Hilsen Ragnhild og Dag**



# MIN SALME

V/STIAN OALAND



Denne songen av Haldis Reigstad traff meg i ungdommen.

Ein dag er livets strabasar over og då skal ein finne kvile hjå Gud.

Det er ein song som og fortel om ein trygghet for at me kan kvile i Guds fred her og nå. Me går og uroar oss for ting i livet og i kvardagen, men me kan stole på Gud at han har kontroll.

*I fred kan eg sova,  
trass tårer som væter mitt kinn.  
I fred kan eg vakna,  
trass alt det som tyngjer mitt sinn.  
Eg set mi lit til Herren,  
han er mi faste borg.  
Han fyller meg med freden  
sin i glede som i sorg.*


*Guds fred den skal vara  
frå no og til æveleg tid.  
Guds fred er min styrke  
i livet sin hardaste strid.  
I stormen som i stilla  
vil Jesus vere med.  
Kor godt det er frå dag til  
dag å kvila i hans fred.*

*I fred skal eg sovna  
når døden ein dag bankar på.  
I fred skal eg vakna og  
himmelens herlegdom sjå.  
I livet som i døden,  
skal sjela finna ro.  
Og grunnen til at eg er  
trygg er Jesu dyre blod.*

# ET ØRLITE HÅP

## NÅR ALT MAN HAR IGJEN ER ET HÅP

*Livet. Det er helt «vanlig» til det plutselig ikke er det lenger. En dag var det brått helt ugjenkjennelig. Alt var forandret. En storm feide over meg. Jeg ble truffet med orkan styrke. Hva nå?*



TEKST OG FOTO: YVONNE LANGELAND MELTVEIT

### Tapt

Når det man kjenner som trygt og godt blir revet bort og erstattet med usikkerhet, fortvilelse, sorg, frustrasjon, sinne, og hat, føles det som om man har tapt. Man står ikke lenger støtt og fremtiden synes fjern og uoppnåelig. Det var som om min verden stoppet opp, mens verden utenfor raste upåvirket videre.

### Ewig smerte

Oppi alle følelser og ustoppelige tårer, romsterte tanker om Gud. Hadde Han forlatt meg? Dette var urettferdig og dårlig gjort av Gud! Kunne jeg virkelig klandre Gud i det hele tatt? Det var vel å dra det litt langt? Eller var det det? Han har jo all makt i himmel og på jord. Han tillot denne smerten.

*Hvorfor er min smerte evig og mitt sår ulegelig? Det nekter å la seg lege. Du er blitt en sviktende bekk for meg, som vann en ikke kan stole på.*  
(Jeremia 15,18)

### Fraværende Gud

Midt i stormen opplevde jeg stor uenighet mellom Gud og meg. Vi syntes å være lysår fra hverandre. Guds Ord som jeg stolte på slo sprekker. Ikke nok med at verden jeg levde i falt under meg, men Gud sviktet meg også. Han var totalt fraværende og det fantes ikke et bønnesvar i sikte.

### Håpet

Jeg stod ribbet tilbake i en pågående storm. Det eneste jeg hadde igjen var håpet. Og ei haltende tro. Den var prøvd til det ytterste, men likevel var den der. Jeg prøvde å være tålmodig og utholdende, men jeg vinglet veldig.

*Gled dere i håpet, vær tålmodige i trengselen og fast utholdende i bønnen!*  
(Romerbrevet 12,12)

### Sidevinder

Mens jeg stod midt inni denne stormen kom det flere sidevinder

inn, de meide meg rett ned. Jeg stod ganske ustødig fra før, men med disse sidevindene virvlende rundt meg samtidig som det allerede stormet, var det egentlig rett før jeg blåste av sted med vinden. Uante krefter reiste meg opp igjen.

*Han gir den trette kraft, og den som ingen krefter har, gir Han stor styrke.* (Jesaja 40,29)

Jeg vaklet fremdeles, men jeg lå i det minste ikke nede. Og håpet, håpet om at en dag ville det bli bedre, en dag ville solen igjen skinne for mine føtter. Det håpet, det stod støtt!

*Jeg hadde mistet motet om jeg ikke trodde at jeg skulle se Herrens godhet i de levendes land.* (Salme 27,13)

### Orkanens øye

Håpet bar meg. Dag og natt. Jeg klamret meg til bibelvers som gav håp og jeg ba. Noen ganger



greide jeg å slippe taket for så gi alt over til Gud. Da ble det stille. Jeg slappet av. Jeg greide å puste. Kanskje var det dette som var orkanens øye. Det var i alle fall godt midt inni stillheten. Jeg samlet krefter. For er man inni orkanens øye vet man at man er halvveis. Jeg kunne umulig vite at jeg var halvveis, men jeg visste at jeg hadde en lang vei foran meg før dette var over. Egentlig kunne jeg ikke vite at det kom til å gå over. Men jeg hadde hele tiden et håp.

### Forbønn

Jeg hadde et håp om at en dag var prøvelsene over og at jeg skulle komme styrket ut av dette. Problemets var bare det å greie å gå skrittene. Finne styrke nok til å stå oppreist gjennom det som var igjen. Det ble brukt uendelig mye tid på bønn. Jeg ba så mye at det på et eller annet tidspunkt ble nok for meg. Jeg måtte be om forbønn. Jeg hadde bedt så mye at nå mistet jeg kraften til å be selv.

Mange hadde allerede bedt for meg, men nå var det en armé av forbedere. Jeg var så sliten, men akk så takknemlig for forbønn!

### Et mirakel

Så en dag skein solen og vinden avtok, det samme gjorde side vindene. Håpet i meg steig. Kunne dette være begynnelsen på slutten? Det var ikke vindstille, men jeg hadde kommet meg gjennom den verste vinden; orkanen. Jeg stod oppreist! Det var et mirakel!

### Lovet være Herren

Håpet. Bønn. Troen. Forbønn. Hjelpere. Bibelen, og Gud, hadde

båret meg gjennom stormen. Selv om Gud og jeg hadde kranglet og vært uenige, så vil jeg være takknemlig så lenge jeg lever, for styrken og utholdenheten jeg fikk! Jeg greide det!

*Lovet være Herren, for Han har hørt mine inderlige bønners røst. Herren er min styrke og mitt skjold. Mitt hjerte har satt sin lit til Ham, og jeg er blitt hjulpet. Derfor gleder og fryrder mitt hjerte seg, og med min sang vil jeg prise Ham.*

(Salme 28,6-7.)

# CAMP RYFYLKE

## HELGA 25.-27. AUGUST

### GLIMT FRÅ WEEKEND...

FOTO: TORALF VEDUM LADSTEIN, ANITA GRØDEM, MARTIN IVAR ARNESEN OG GUNN HEIDI DYBDAL



# FLOTT Å FÅ BLI MED PÅ GUDSTENESTE MED CAMP RYFYLKE I TAU KYRKJA

TEKST: MARIT RØDLAND

Det er ganske inspirerande å sjå 260 konfirmantar frå heile Ryfylke blomstre saman ei heil helg. Og det var det dei gjorde på Camp Ryfylke i august. Tau kyrkje var den heldige som vart samlingstaden til desse flotte 260, og saman med dei var det også 75 tilsette og frivillige leiarar.

Det gjer noko med ganske mange av oss å sjå og oppleve alle desse ungdommane, og vi ønsker dei av hjarta alt godt gjennom dette året, både i undervisinga og i livet elles. Alle dagar er ikkje

like, og slik er det anten vi er unge eller gamle. Heldigvis går det an å dele både byrder og glede med kvarandre.

Takk til alle desse 260 som har valgt å konfirmere seg i kyrkja! Ta godt vare på kvarandre og det de lærer dette året! De er til inspirasjon for oss andre her! Vi kjenner oss heldige som har så mange flotte ungdommar i kyrkjelydane våre. Vi vil ønske kvar og ein av dykk alt godt på reisa gjennom dette konfirmantåret og ønsker dykk ei velsigna god konfirmasjonstid!



# OSS MENNESKE IMELLOM

TEKST: JOHN NESSA

**P**å 1980 talet kom det ut ei bok om kjensler og konfliktar, med utgangspunkt i situasjoner som er spesielle for bygde-og gardsmiljø: Oss mennesker imellom. Det er Palma Ommundsen som skriv saman med Oddvar Anda og Kjersti Lunde Rustad. Boka er meint som ei hjelptil å fortstå både seg sjølv og andre, og forfattarane oppfordrar folk til å snakke om eigne kjensler. Bakgrunnen for denne boka var at Palma Ommundsen hadde jobba i heimesjukepleien og i kraft av si stilling ofte kom heim til folk og fekk inntrykk av koss folk i dei enkelte heimane eigentleg hadde det bak fasaden. Ikkje minst gjekk dette på samliv. Og ikkje minst gjekk dette på generasjonskonfliktar rundt om på gardane.

- *Dei hadde det sjølvsagt ikkje därleg alle stader. Likevel begynte eg å lure på om det berre var meg og mannen min Ove som hadde det OK heime.*

Og som privatperson og medlem av bygdesamfunnet opplevde ho at dei same menneska ho hadde møtt i dei ulike heimane ofte blei omtala på ein negativ og destruktiv måte. Folk visste ikkje kva dei snakka om, men tillot seg likevel å ha sterke meininger om koss andre menneske var og hadde det. Alt dette bidrog til at miljøet på bygdene ikkje alltid var som det burde vere.



Palma engasjerte seg i bygde-kvinnelaget. Ho reiste rundt og snakka om dette, og forstod at det var stort behov for både informasjon og rådgiving for at ting skulle kunne endre seg. Og dette vart det både bok og samtalegrupper ut av.

Og dette er berre eit av dei mange prosjekt Palma Ommundsen har vore engasjert i. Palma har vakse opp på Hjelmeland, og bur der saman med mannen sin, Ove Ommundsen, på Pundsnes, midt i smørauga ved Hjelmeland sentrum. Ho har arbeidd som sjukepleiar, og har vore ein sentral aktør i politisk og samfunnsbyggande frivillig arbeid. Både bondelag, helseorganisasjonar og kyrkje-og misjon har kunna nytte seg av Palma sitt engasjement. For alt dette fekk ho 12. mai i år H.M Kongens fortenestemedalje. Kongen må ha god vurderings-evne, spør du meg. For alle eg har møtt, er einige om at dette er eit godt val.

Palma har ikkje minst hatt ei sentral rolle i både kyrkje og bedehus. Eg er forviten på kva tankar ho gjer seg om utviklinga på dette feltet.

- *Eg er svært glad i både kyrkje og bedehus, og har eit brennande ønske om at folk skal oppleve det som godt å tilhøyre kyrkja. For kyrkja er ein viktig institusjon, ein institusjon vil alle treng minst ein gong i livet. Og vi forstår ikkje fullt ut kor viktig kyrkja er for*



både alle oss som enkeltmenneske og for heile samfunnet. Det er sårt å sjå at så mange har glidd frå kvarandre, melder seg ut og ikkje klarer å akseptere at det er heilt OK at vi er forskjellige som menneske, både i meininger og livsstil. For kyrkja er ikkje eit meiningsfellesskap, men eit trus- og håpsfellesskap.

Palma er over gjennomsnittet glad i folk. Ho er interessert i korleis folk har det, og bryr seg dersom ho merker at folk ikkje har det greitt. I heile hennar virke har prosjektet vore å få folk til å leve godt saman, trivast saman, jobbe saman, og gjerne kose seg saman som gode kollegaer og venner. Difor har ho også komme på rett plass i sin siste jobb som psykiatrisk sjukepleiar i Hjelmeland. Som ei moderne tante Sofie har ho fulgt opp pasientane og gitt dei gode opplevelingar som ikkje alle har hatt alt for mykje av før. Og det var ikkje berre enkelt å bli pensionist.

- Eg blei så glad i dei at eg ikkje klarte å sleppe dei. No kallar eg dei venner.

#### **Men no går det vel på rips- og solbærhenting?**

- Eg er blitt miljøskadd som barn. For kvar sommar var det ripsberhenting tre veker samanhengande frå morgon til kveld. Så eg har fått ein solid aversion og er grundig avvendt all berhenting. Men eg er som kjent godt gift. Så Ove tar seg av heile hentinga.



## **SET DU «PRIS» PÅ PREIKESTOLEN?**

Preikestolen har eit opplag på 7400 blad.

I dei tre kommunane bladet kjem ut, er det 7 189 husstandar - 413 Forsand, 1246 Hjelmeland, 5530 Strand.

I tillegg kjem det i postkassane til ein del hyttefolk, og det blir sendt ut nokre blad frå kyrkjecontoret til utanbygds abonnentar.

Det er frivillig abonnement på bladet, og vi er avhengige av og takksame for dei som betalar -og for dei bedriftene som har annonsar i bladet.

I 2022 hadde Preikestolen eit underskot på kr. 60 000.

I 2017 var det 748 innbetalingar - 11% av husstandane

I 2020 var det 486 innbetalingar - 9% av husstandane

I 2023 er det til no 244 innbetalingar - 3,5% av husstandane

**Dersom du set pris på bladet, er me glade for om du kan bidra til at me framleis kan gi ut Preikestolen.**



**Vipps**  
**TIL 105004**

eller **KONTONR:**  
**3205 30 06158**

Pris: Kr 80,- kr pr blad,  
eller kr. 300,- for året.

Tusen takk for støtte!

# FRA TEORI TIL PRAKSIS I TAU KIRKE



TEKST: MARTIN IVAR ARNESEN • FOTO: MARTA FRANTZEN OG MARTIN IVAR ARNESEN

Onsdag formiddag er det ofte fullt hus på kirketorget i Tau kirke. Da samles barn, unge, voksne og eldre på tvers av generasjonene. Barn fra Rødlandsmyra barnehage skaper liv med sine gule t-skjorter. De er en «Livsglede-barnehage». Elever fra helsefag og barn- og ungdom på Strand videregående skole har forberedt stekt vafler og kaffien klar. Og rundt bordene sitter eldre fra Strand. Praten går livlig og humøret er godt. Dette er ukens høydepunkt og dette har de sett fram til. Snart er det sang og trim. Og etter det er det forskjellige aktiviteter. På kjøkkenet er i full gang med å lage

middag. Til middagen hører også dessert og kaffi, og minikonsert ved organist Anders Berglund. Noen ganger går elever og eldre også ut på tur.

Elevene har ansvar for «sine» eldre. Kontakt knyttes og relasjoner bygges. Til sammen er det 27 eldre som kommer. Men behovet er mye større enn det en klarer å dekke.

## Begynne som ringeteneste under pandemien

Nina Vervik Eie og Gro Anita Langvik er lærere og har ansvar for undervisning og opplegg. Tilbudet begynte

under pandemien som en ringetejeneste for å ha kontakt med de eldre. Etter pandemien åpnet muligheten seg og en utvidet tilbudet til felles samlinger. Samtidig ble det en mulighet å bruke lokaler i den nye kirka på Tau kirke med klasserom, kirketorg og kjøkken. Begge legger vekt på at lokalene i kirka gir muligheter som dekker behovene skolen og faget har.

## Til nytte for mange

Det er en vinn-vinn for alle: Eleverne får læring. Lokalene i kirken blir brukt på dagtid. Og det dekkes et behov eldre har for et aktivitets- og møtested, og



ensomhet forebygges. For kirken er det flott med samarbeid og liv på torget, at rom kan brukes på dagtid, og å få leieinntekter.

### Fra teori til praksis

Elevene går 2 år på skole før de skal ha 2 år i lære. Opplegget bygger på en tydelig sammenheng mellom teori og praksis. Målet er at elevene skal få et eierforhold til det de holder på med. Nina og Gro Anita forteller at de i løpet av undervisningsåret ser en tydelig endring hos mange av elevene. Gjennom prøving og feiling får de en trygghet både på seg selv og det de holder på med. De opplever mestring og får styrket motivasjon for å arbeide

med mennesker. «Vi leker ikke butikk» sier Nina. «Her er det virkelig samhold på tvers av generasjoner».

«Det er også en god forberedelse for arbeidslivet», legger Gro Anita til. «Det er flott å se at arbeidet gir resultater. Det betyr mye å se at de unge får en opplevelse av modning og at de eldre får en god opplevelse i hverdagen».

I undervisningen inngår kosthold, ernæring, hygiene, førstehjelp, orden, samarbeid og forebyggende helsearbeid. Gjennom direkte fellesskap og kommunikasjon mellom

1. Terje Strand, Helga Bastlid, Borghild Mosnes og Trygveig Hjorteland.
2. Knut Jensen, Kristen Rinder og Linnea Brakstad Espedal.
3. Nina Vervik Eie, Yvonne Twisenge og Toril Ur.
4. Rundt Livsgledetreet som er gitt som gave til kirka.
5. Kjekt å lage høstkrans.
6. Generasjonskonsert dirigert av Synnøve Keilegavlen Nygård.

mennesker skapes gode og varige relasjoner. Noen eldre og elever har også hatt kontakt med hverandre utenom undervisningssituasjonen.

Rogaland fylkeskommune inngikk leieavtale om leie av lokale i Tau kirke høsten 2021 for en periode på 4 år, og med en mulighet for forlengelse.

# ASANTE MONGO

## – TAKK GUD!

TEKST OG FOTO: HALDIS KARINE NILSEN

*Klokka er halv åtte søndag morgen, og Tanzanian Assembly of God i Morogoro er full av folk. Det er duka for gudsteneste i Afrika.*



Kyrkjebygget.



Songbok på swahili.



Kyrkjelyden heng med på bibellesing.

I Ulugurufjella rundt 20 mil vest for Dar es Salaam driv Mgetas venner (<https://mgetasfriends.com>) eit hjelpeprosjekt med målsetting å oppnå hjelp til sjølvhjelp. Eg var så heldig å få besøkja staden og prosjektet i landsbyen Luale. I samband med turen fekk me også oppleva ei gudsteneste i den nærmaste større byen, Morogoro, som ligg ved foten av fjella. Prosjektleiar Solomon var medlem i denne kyrkjelyden; Tanzanian Assemblies of God, forkorta TAG, og tok oss med. Les meir om TAG på denne nettsida: <https://www.tag.or.tz/index.php>

### Gudsteneste kl. 08.30!

Me fekk beskjed om å stå opp tidleg. Gudstenesta starta halv åtte søndag morgen! For ei gongs skuld var me nokonlunde på tida – afrikansk tid elles er til vanleg ikkje så presis. Ein funksjonshemma ung gut tok imot oss då me kom, og viste oss plasser. Sjølve gudstenesta var på swahili, det nasjonale fellesspråket i Aust-Afrika. Men dei som sat på stolen ved sida prøvde etter beste evne å omsetja til engelsk det aller mest nødvendige. Ikkje så lett å få med seg då lydnivået viste seg å vera generelt høgt.



Forbøn framme i koret.



Barnekoret klar for opptræden.

### Alle vart engasjerte

Ei eldre kvinne ynskte velkommen frå den fargerike talarstolen. Så sette det i gong med flott song og dans. I tillegg til song og dans og høgt lydnivå, var det mange opplevelingar til ettertanke på den nær tre timer og tretti minutt lange gudstenesta. Menn og kvinner såg ut til å vera heilt likestilte. Kyrkjelyden bestod av kvinner og menn, unge og gamle. Fleire hadde med seg bibel og slo opp etter som talaren viste til spesielle tekstar. Songbøker vart delte ut. Og alle vart engasjerte; det var barnekor, ungdomskor, «bestemor-kor», blandakor og band. Ein av tekstane var frå Esekiel 11, ein annan var frå Hebrearbrevet. Talarane brukte god tid og hadde stor innleving.

### Heftig lydnivå

Vår kontaktmann Solomon forklarte i etterkant at kyrkjelyden nyleg hadde skaffa seg lydanlegg, og at dei ennå ikkje hadde lært nok om justering av lydstyrke. I tillegg var dei fleste deltakarane mest vande til eit liv utan forsterkar, og då kviskra dei ikkje i mikrofonen. Heller motsett! Så lydnivået var ganske heftig heile tida.

### Asante Mongo!

Det var heller ikkje så lett å hengja med på språket. Men nokre ord gjekk att; Asante og Mongo. Asante betyr takk og Mongo betyr Gud. Så mykje handla om å takka Gud – sjølv om levekåra i nærområdet ikkje kunne måla seg med det me er vane med heimefrå.

To store korger var framme for innsamling av offer. I Tanzania er korger i dagleg bruk overalt i samfunnet. Innsamlinga var kontanter; den lokale valuta heiter shilling. 10.000 shilling tilsvarte rundt 45 kr.

Då gudstenesta endeleg var over – på eit tidspunkt då dei fleste gudstenester i Noreg startar- kom pastoren ut og helsa på oss. Me følte oss veldig velkomne!



Ei eldre kvinne ynskte velkommen.



Bestemorkoret.



Lett å la seg riva med til fengande rytmer.



Plaststolar gjer nytta.



# ALTERTAVLA

## I ÅRDAL GAMLE KYRKJE

På garden Kyrkhus i Årdal står den gamle kyrkja, eit klenodium mest utan sidestykke i det norske kyrkjelandskapet. Det er ikkje mange trekyrkjer igjen frå 1600-talet, og ingen av dei er like autentiske som denne. Her er det ikkje innlagt straum og vatn, og inventaret er omtrent slik det var for 350-400 år sidan. Når du går gjennom døra inn til det låge og lange kyrkjeskipet, ser du altartavla langt der framme, av og til i halvmørke, og andre gonger opplyst av lyset som kjem inn gjennom dei små vindauge.

TEKST: OLAV FRANTZEN

FOTO: OLAV FRANTZEN OG SYNNØVE FRANTZEN



## **Alterbiletet har alltid vore det sentrale kunstnariske elementet i ei kyrkje**

I tillegg til at det skulle vera eit kunstverk av ein viss kvalitet, skulle det også vera eit viktig bidrag til forkynninga. Slik hadde det vore i mellomalderen, og denne tradisjonen haldt fram også etter reformasjonen, og kanskje spesielt på 1600 -talet.

Gjennom fleire hundre år har årdalsbuen sett på alterbiletet i gamlekyrkja, og på den måten lært bibelforteljingane om Jesu død på Golgata og oppstoda påskedagen, detaljert framstilt i Godtfried Hendtzschel sitt maleri frå 1634. Etter kvart som folk lærte å lesa, kunne dei også stå framfor alterbiletet og lesa dei 10 boda, Fadervår, dåpsbefalinga og innstiftingsorda til nattverden.

### **Original eller kopi?**

Det var ganske vanleg på 1600-talet at slike alterbilete var inspirert av, eller til og med nærmast kopiar av tidlegare koparstikk. Golgatamotivet som Hendtzschel malte i storfeltet på dette alter-biletet, brukte han også i andre kyrkjer.

Sjølv om Hendtzschel og mange andre kyrkjekunstnarar frå denne tida arbeidde på denne måten, så er altarbiletet i årdalskyrkja eit kunstverk av stor verdi og kvalitet, og det er rekna som eitt av hans beste arbeid, sjølv om han i følgje rekneskapsen brukte berre 14 dagar på jobben.

### **Godtfried Andersson**

**Hendtzschel** kom frå Breslau i Tyskland (i dag : Wroclaw i Polen) til Stavanger rundt 1620, og vart borgar der i 1629. Hendtzschel var ein produktiv kyrkjekunstnar i perioden mellom ca. 1625 og 1657, og er meister for mange altertavler her i bispedømmet. Altertavlene i Fister kyrkje og Strand kyrkje er også hans verk. Desse er flytta frå dei gamle 1600-tals kyrkjene og over i dei nye som vart bygde på 1800-talet.

## **Thomas Snekker**

Før Hendtzschel kunne gå i gang med pensel og maling, måtte sjølve altertavla byggast. Dette arbeidet vart gjort av snekkermeisteren Thomas. Desse to hadde mange oppdrag saman, og det var i 1633 at Thomas var i kyrkja og arbeidde. I rekneskapsen står det:

*Dette aar haffr Thomas  
Snedker werit ved Kiercken  
och arbeidet. Giort en nye  
altertaffle, Predickestoell och  
Funtestoell.*

I 10 veker arbeidde han med altertavla, preikestolen og døypefonten, og brukte mellom anna 15 tørre eikebord til preikestolen. Prisen for heile denne jobben var 40 dalar.

## **Kva vert formidla i biletet?**

Eg ser for meg første gongen årdalsbuen kom inn i den utvida kyrkja i 1634 etter at altertavla var på plass. Eg trur kyrkja var overfylt, og eg reknar med at mange var begeistra og imponerte over den storslagne altertavla. Sannsynlegvis hadde ingen fått lov å komma inn i kyrkja mens kunstnaren arbeidde. På dette tidspunktet var det ikkje dekorasjoner på veggene og i taket, og altertavla var det store og dominerande blikkfangen. Her var dei sentrale sanningane i kristendommen framstilt i tekst og bilet, ein viktig del av forkynninga for generasjon etter generasjon av årdalsbuar.

For å beskriva altertavla, lånar me ord frå journalisten og skodespelaren Olava Øverland (1921-2016), som skreiv dette i bladet «Familien» nr. 7/1998 (utdrag):

*På maleriet i midtfeltet lider Jesus Kristus, Guds egen sønn, offerdøden for våre synders skyld. Til venstre for korset står jomfru Maria og disippelen Johannes i dyp sorg. Maria Magdalena fortviler ved korsets fot.*

*En ung kvinne holder sine hender bønnfallende opp mot Frelseren. Til høyre soldaten Stephaton, som rekker isopstilken opp til Jesus. I bildefasjen over skjer påskemorgenens under – Jesus lever! Han troner på kistelokket oppstanden fra de døde, svingende en seierspalme. I trekanten øverst leser vi Guds navn, Jahve på hebraisk.*

*I venstre sidefelt Moses. Hornene – tegn på mandighet og styrke – strutter fra pannebrasken. I venstre hånd holder han staven, høyre hånd peker på skriftfeltet med budene han har formidlet, og Fadervår som Jesus lærte disciplene.»*

Altertavla uttrykkjer i bilet og ord sentrale tema i den kristne trua. Alle kunne sjå på biletet, og dei som var leseføre, kunne også få med seg dei ti boda, Fadervår og andre sentrale tekstar frå Bibelen. Slik vart Herrens bøn skrive i 1634:

*Fader vor, du som est i himmelen. Helliget vorde dit Naffn. Tilkomme dit Rige. Vorde din villie saa paa Jorden som hand er i himelen. Giff os i dag vor daglige brød. Oc forlad os vor skyld, som vi forlade vore skyldnere. Oc leed os icke udi fristelse, men frels os fra ont. Amen.*

## **Altertavla vart flytta**

Då det vart bygd nytt korparti ved den andre utvidinga, vart naturleg nok også altertavla flytta. Her var det lågare under taket, og det er berre så vidt at altertavla fekk plass. Det er berre nokre få centimeter klarings.

## **Talar til oss også i dag**

Neste gong du er i Årdal gamle kyrkje, så ta deg tid til å studera altertavla nærmare, og tenk litt på alle dei som i 389 år har gjort det same.



**DEMENS I NÆRE  
RELASJONER**  
**TORSDAG 5. OKT.**  
**INVITERER FORSAND  
DIAKONIUTVAL TIL  
MØTE OM DEMENS  
PÅ KYRKJETORGET,  
FORSAND KYRKJE,  
KL. 18.**

Me får besøk av **Marta og Terje Fjeldheim** frå Tysvær.

TERJE HAR SOM TEMA:


- Når livet buttar imot. Å leva med ein alvorleg sjukdom - ein pårørande si historie.
- Korleis møta demenssjuke?
- Å vera ein pårørande – og å vera sjuk!

**Alle er velkomne til ein tankevekkjande og lærerik kveld!**

Arr.: Forsand diakoniutval

**STRIKKEKAFE I  
ÅRDAL KYRKJE  
KL 12:15 – 14:00**

**02. OKTOBER**  
**30. OKTOBER**  
**20. NOVEMBER**  
**02. DESEMBER**



**KVAR MÅNDAG**  
**KL. 11:00 – 12:00**  
**ÅPEN KYRKJE I ÅRDAL  
KYRKJE**

**KVAR ONSDAG**  
**KL. 11:00**  
**BABYSONG I**  
**HJELMELAND KYRKJE**

**KVAR ONSDAG**  
**FRA 18:30 – 19:30**  
**«BERRE BIBEL» I**  
**HJELMELAND KYRKJE**



**HJELMELAND KYRKJE**  
**TORSDAG 19. OKTOBER**  
**KL. 19**  
**FRÅ PRESTEGARDEN TIL KONGENS  
BORD**


v/Magnhild Meltveit Kleppa. Magnhild inviterer, Hjelmeland sokneråd arrangerer

**Velkommen til ope kyrkjetrog**

Kvar måndag kl.10-14

Kom innom på kaffi og «dros»





**FREDAG 15. DESEMBER  
KL. 20:  
ØKLANDS JULEKONSERT  
TAU KYRKJE.**

**BILLETTER PÅ:** [oklands.hoopla.no](http://oklands.hoopla.no)



**SØNDAG  
3. DESEMBER  
18:00 OG 20:30**

**BILLETTER PÅ:** [kornelius.ticket.co.events](http://kornelius.ticket.co.events)



Kulturutvalget inviterer til:

**19. oktober:** Tema: Babylon v/Magnar Kartveit.  
Hvem og hvorfor det skjedde, hvordan det ble,  
og hvorfor de vendte tilbake.

**9. november:** Sang og tema v/Anders Berglund.  
Utviklingen av bedehus- og gospelmusikken.

**23. november:** Tema: Kristenlivet i Strand  
gjennom 200 år. Del. 2. V/Ove Sandvik.  
En oppfølger av Lars Gaute Jøssang sitt foredrag.

**28. desember:** «Heim te jul» Romjulstreff i kirka med  
lokale og «heimkomne» artistar. Konsert, glegg og prat.

**18. januar:** Multimediaforestilling v/Kristian Stejskal:  
Markusevangeliet.



Temakveld i Tau kyrkje torsdag 16. nov. kl.19.00



**Kjetil Aano**

presenterer biografien sin  
«Kall og eventyrlyst» med glimt  
som spenner fra tiden som  
Madagaskar-misjonær  
til styreleder i  
Kirkens Nødhjep.





## Tau kyrkje 7. desember kl 19:00

Billetter: [linticket.no](https://linticket.no) 



Det blir mye førjuls-løye i kirken, når trioen fra radio-programmet Utakt gjester Tau den 7.desember. Per Øystein Kvindesland, Bjørn Olav Skjæveland og Olav Hove byr på en alternativ juleforestilling og de gleder seg til å komme!

*- Julen er full av minner, tradisjoner og utfordringer, så her er det veldig mye å ta tak i, sier Per Øystein Kvindesland.*

Og makker Bjørn Olav Skjæveland følger opp:

*- Vi må våge å snakke om det som er vanskelig med julen også. For eksempel vasen på juletre-lysene og julekortene du glemte å bestille.*

Duoen lover en kveld med latter, mimring og litt ettertanke. Det faglige innholdet blir ivaretatt av Olav Hove. Han fikk tross alt karakteren S i kristendom muntlig på ungdomsskolen.

## Språkkafè i Kyrkjetoget mandager i partalsuker kl. 18

### Datoer i høst:

- 18. september
- 2. oktober
- 16. oktober
- 30. oktober
- 13. november
- 27. november
- 11. desember

Her håper vi å skape gode samtaler, ha ulike aktiviteter og tema og ha et samlingssted med god tone og godt humør:) Dette er for hele bygda, for de som har bodd her lenge og de som er kommet for ikke så lenge siden. Anten du øver deg i norsk, eller har snakket norsk hele livet:)

**VELKOMMEN!**





# SLEKTERS GANG

## DØYSTE

### FORSAND

- 13.08. Lukas Aarskog  
03.09. Torger Lerang Fossan  
03.09. Hans Mikkelsen Brubak

### JØRPETLAND

- 16.07. Karsten Mjøs  
30.07. Marikken Eie Grødahl  
(Tromsø domkrk.)  
09.09. Emmanuel Vatne  
10.09. Ulrik Eriksen-Skjæveland

### STRAND

- 09.07. Ingrid Varland  
30.07. Lykke Kristine Hauskevåg Idsø  
Jenny Gabrielsen  
20.08. Jonas Vigrestad  
Viljar Lindebrekke Dybdahl  
(Norheim krk.)  
03.09. Tiril Sagård Langeland  
Cassandra Idsal

## VIGDE

### JØRPETLAND

- 12.08. Oshadie Kamarakoon og  
Bjørn Simonsen  
01.09. Evelyn Førland og  
Roar Bjørkhaug  
09.09. Karen Barka og  
Samuel Diego Vatne  
Amalie Bratteland Næss og  
Geir Jones

### STRAND

- 03.06. Therese Håheimsnes og  
William Hetland  
10.06. Inga Oline Knutsdotter Rusten  
og Hallvard Sollien  
01.07. Bente Merete Fiskaa og  
Knud Olav Kaspar Idsø  
08.07. Maicen Ravnås og  
Oddvar Smedsli Svhuis  
05.08. Malene Østerhus og  
Ingebrigt Aas  
Sylvi Therese Øgreid og  
Andre Sebastian Hettervik  
Rebekka Jørnby og Eirik Bryn

- 12.08. Allison Elise Kininmont og  
Espen Stangeland Winger-Olsen  
Karina Fjelde og Fredrik Haugen  
26.08. Eli Birgithe Jenssen og Simon Veland  
Veronica Gjerde og Tor Kristian Lode  
02.09. Cathrine Storm og  
Joachim Duun Norberg  
09.09. Martha Iren Aarsand og  
Johan Frislid Kjos-Hanssen

### ÅRDAL

- 05.08. Sigurd Kristoffer Kiplesund og  
Hanne Ingvaldstad

### FISTER

- 01.07. Miriam Helgøy Nygård og  
Sander Mulelid

## DØDE

### JØRPETLAND

- 21.06. Salve Røsstad  
07.07. Olav Magnus Fjetland  
15.07. Olav Nordvoll  
22.07. Børge Aukland  
28.07. Ada Sofie Holta Eie  
31.07. Marta Veland  
01.08. Helge Meltveit  
03.08. Inge Torbjørn Eie  
07.08. Brit Barka  
08.08. Åse Østerhus  
19.08. Helga Giske Berg Henriksen  
22.08. Svein Egil Olsen  
22.08. Magnhild Bjørheim Holta  
27.08. Jan Magne Hinna

### STRAND

- 02.07. Brita Fiskå  
02.07. Thor Birger Wiik  
21.07. Sindre Solberg  
22.07. Leif Kjetil Sigmundstad  
30.07. Inga Karoline Jansen  
25.08. Ågot Kvindesland

### HJELMELAND

- 23.06. Ester Haga  
05.07. Jan Reidar Håland  
22.08. Hjørdis Kvame

# STØTT VÅRE ANNONSØRER. DE STØTTER OSS!

 **AutoMester®** 

**JØRPELAND SERVICESENTER AS**  
Ryfylkevegen 953, Jørpeland • Tlf. 51 74 14 45  
[www.jorpelandservice.no](http://www.jorpelandservice.no)

  
**POWER**  
Jørpeland Elektrosenter  
SKALLSTØPERIET

• Regnskap • Firmaregistrering  
• Årsoppgjør • Datatilkobling  
• Scanning av bilag

Jørpeland - 51 74 14 00  
Årdal - 51 75 42 50

  
partnerregnskap

  
**MØBELRINGEN®**  
Jørpeland

  
**REMA 1000**  
Jørpeland - Åpningstider: 7-23

  
**FARGERIKE**  
HJERTENES JERNVARE  
Vågen, 4100 Jørpeland • Tlf. 51 74 72 04

**Strandbuen**

  
*Me har varekjøring kvar dag !*  
post@lysefjorden.no  
*Ring: 95259325 hvis spørsmål!*

**SpareBank**  
SR-BANK 

Tlf. 51 74 48 80  
[post@rygrokonomi.no](mailto:post@rygrokonomi.no)  
Autorisert regnskapskontor  
Kontor Finnøy, Forsand,  
Hjelmeland, Stjernarøy,  
Stavanger og tau

 PG Installasjon as

• Alt innen elektroinstallasjon • Automasjon  
• Tele og data • Kuldemontør til alle typer kjøler, varmepumper osv.

51 75 03 45  
[post@pgi.no](mailto:post@pgi.no)  
[www.pgi.no](http://www.pgi.no)

**EL-PROFFEN**

  
**STOPPER RUST**  
FLUIDFILM.NO  
Næringsveien 6, 4323 Sandnes

## ØNSKER DU Å ANNONSERE I BLADET?

KONTAKT  
[KYRKJA@STRAND.KOMMUNE.NO](mailto:KYRKJA@STRAND.KOMMUNE.NO)

**PRIS PR ÅR:**  
Lita annonse, kr 1800  
Stor annonse, kr 3200

 STEIN MEK.  
VERKSTED AS

Tlf. 40 01 73 18  
[smv@stein-mek.no](mailto:smv@stein-mek.no)

  
**revisjon**  
**ryfylke**  
[revisjonyfylke.no](http://revisjonyfylke.no)

Jørpeland Bilverksted as  
4100 Jørpeland  
Tlf 51 74 08 80  
Bilverksted - bildeler - rekvisita  
- periodisk kjørekontroll

Gaver til alle anledninger

  
*Jens Bjelland A.s*  
**Tlf. 51 74 73 58**

  
**Barkved**  
TREVAREFABRIKK  
Tlf. 975 18 627  
[barkvedtrevare@gmail.com](mailto:barkvedtrevare@gmail.com)



  
**Fiskå Mølle**

  
**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå  


 **51 97 29 00**  
DØGNAKT

[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

  
**RYFYLKE**  
**TRELAST**

  
**Motehuset**  
BYBERG

  
**STRAND**  
**BYGG AS**

Byggefirma med lange og gode  
tradisjoner, dyktige fagfolk og fokus  
på høy kvalitet og kundetilfredshet. Du  
som kunde står alltid i fokus, og for oss  
er alle jobber av interesse (store og  
små). Vår visjon er "ingen jobb ferdig  
før kunde er fornøyd"

[www.forsand-byggservice.no](http://www.forsand-byggservice.no) Bergekrossen 7A, Forsand. Tlf 51 70 31 12

  
**FORSAND**  
SANDKOMPANI

  
**FORSAND**  
BYGGSERVICE AS

**RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ**

STRAND OG RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

Vår erfaring – din trygghet. Audun Ingvaldstad og Johan Braseth.  
Gravstein-utstilling i våre kontorlokaler på Tau  
Ryfylkeveien 1986, Tau – tlf. 51 74 87 00 – [www.hviding.no](http://www.hviding.no)

  
**Norconsult**

Norconsult AS  
Ryfylkevegen 1972D,  
NO-4120 TAU  
Tel: +47 51 74 90 11  
[www.norconsult.no](http://www.norconsult.no)

**Trodla-Tysdal**  
**Turiststasjon**

Kjell Tysdal tlf. 959 90 867  
[post@trodla-tysdal.no](mailto:post@trodla-tysdal.no)  
[www.trodla-tysdal.no](http://www.trodla-tysdal.no)

# KYRKJEKONTOR

## HJELMELAND - FISTER - ÅRDAL

Kyrkjeverje:	Mette Ingvaldstad - Tlf. 404 39 240
Kontor:	Prestegården 5, Hjelmeland
Kontortid:	Måndag-fredag 9.00 – 14.00
Telefon:	977 55 347
E-post:	post@hjelmeland.kyrkja.no
Nettside:	www.hjelmeland.kyrkja.no
Sokneprest:	Sigrunn Hagen Arnesen - Tlf. 977 52 534
Kantor:	Anne-Berit Rinde Bjelland
Trusoplærar:	Tonje Flatø Nessa
Diakonimedarbeidar:	Torill Marie Seljeskog
Administrasjonssekretær:	Cathrine Sandhåland
Kyrkjetenar Hjelmeland:	Torill Marie Seljeskog
Kyrkjetenar Fister:	Åsmund Thomsen
Kyrkjetenar Årdal:	John Leikvar Nessa
Kyrkjetenar Jøsenfjorden:	Bente Tednes Gjil
Soknerådsleiar Hjelmeland:	Magnhild Meltveit Kleppa
Soknerådsleiar Fister:	Ingjerd Sigmundstad Nicolaysen
Soknerådsleiar Årdal:	Olav Frantzen
Fellesrådsleiar:	Terje Thornquist

## FORSAND

Dagleg leiar:	Siv Fossan
Kontortid:	Må, ty, to, fr 09.00–13.00
Telefon:	413 11 055
E-post:	forsand.sandnes@kirken.no
Nettside:	www.forsand.kyrkja.no

### Forsand kyrkjelyd

Sokneprest:	Ole Wollert Meyer - Tlf. 415 61 737
Kyrkjelydsarbeider:	Irene Idland Thu
Organist:	Hege Tungland Langbakk
Kyrkjetenar:	Bente May Froli Stangeland
Ungdomsarbeider:	Gerry Berge Vestbøstad
Soknerådsleiar:	Mona Beate Berge
Kyrkjeskyss:	Per Hagen - Tlf. 995 13 384

## STRAND - JØRPETLAND


Kyrkjeverje:	Øystein Marton Lode
Kontortid:	Måndag-fredag 09.30–14.00
Telefon:	51 74 11 30
E-post:	kyrkja@strand.kommune.no
Nettside:	www.strand.kyrkja.no
Fellesrådsleiar:	Martin Ivar Arnesen

### Strand kyrkjelyd

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen - Tlf. 980 37 571
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Organist:	Anders Berglund
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Diakonimedarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll
	Dmytro Sivertsen
Soknerådsleiar:	Anne van Beuzekom
	Odd Bjørn Næss

### Jørpetland kyrkjelyd

Sokneprest:	Mikael S.Zülow - Tlf. 92 31 02 89
Dagleg leiar:	Gro Wersland Nag
Organist:	Ragnvald Kristian Sørensen
Kateket:	Mia Christina Raustein
Menighetspedagog:	Edel Kvindesland
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll
	Jan Langeland
Soknerådsleiar:	Dmytro Sivertsen
	Jone Bergsager
	Mikael Skappel Zülow



## PROST

### Ryfylke

Sigrid Sigmundstad - Tlf. 908 71 457  
sigrid@hjelmeland.kyrkja.no

### Sandnes

Tom Krager - Tlf. 912 44 212  
tk566@kirken.no

## PREIKETEKSTAR

- Søn 8. okt. – 19. s.i tr.e.tida: Matt 5,20-26  
Søn 15. okt. – 20. s.i tr.e.tida: Joh 11,1-5  
Søn 22. okt. – 21. s.i tr.e.tida: Matt 22,15-22  
Søn 29. okt. – Bots- og bønnedag: Luk 13,22-30  
Søn 5. nov. – Allehelgendsdag: Matt 5,1-12  
Søn 12.nov. – 24. s.i tr.e.tida: Joh 6,63-69  
Søn 19.nov. – 25. s. i tr.e.tida: Mark 2,1-12  
Søn 26.nov. – Kr. kongedag: Matt 25,31-46  
Søn 3. des. – 1. s. i advent: Luk 4,16-22a



# GUDSTENESTER

## HJELMELAND KYRKJE



**Søndag 22. oktober kl. 11**

Gudsteneste  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeid


**Søndag 05. november**

Gudsteneste  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Kirkens SOS

**Søndag 26. november**

Gudsteneste  
Sigrunn H Arnesen  
Takkoffer til Søndagsskulen,  
Stavanger krets

## ÅRDAL KYRKJE



**Søndag 29. oktober kl. 11**

Gudsteneste  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet


**Søndag 19. november kl. 11**

Gudsteneste  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Misjonsprosjektet

**Søndag 3. desember kl. 11**

Familiegudsteneste  
Sigrid Sigmundstad  
Takkoffer til Søndagsskulen i Norge

## FISTER KYRKJE



**Søndag 8. oktober kl. 11**

Gudsteneste  
Sigrid Sigmundstad  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeid inkl.  
diakoniarbeidet

**Søndag 12. november kl. 11**

Gudsteneste  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeid inkl.  
diakoniarbeidet

**Søndag 10. desember kl. 19**

Lysmesse  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til Kirkens SOS Rogaland

## JØSENFJORDEN BEDEHUSKAPELL



**Søndag 3. desember kl. 16.30**



Lysmesse  
Sigrunn H. Arnesen  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Med etterhald om endringer!**

**Sjå også våre heimesider:**

[www.hjelmeland.kyrkja.no](http://www.hjelmeland.kyrkja.no)  
[www.tau-kyrkje.no](http://www.tau-kyrkje.no)  
[www.jørpeland-menighet.no](http://www.jørpeland-menighet.no)  
[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no)

# GUDSTENESTER

**FORSAND KYRKJE****TAU KYRKJE****JØRPELAND KYRKJE****Søndag 22. oktober kl. 11.00**

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer.  
Gjestetalar: Svein Granelund  
Dåp. Awana-grupper. Nattverd.  
Takkoffer til misjonsprosjekta  
Kyrkjemiddag etter gudstenesta

**Søndag 29. oktober kl. 19:30**

Kveldsgudsteneste. Ole Wollert Meyer  
Nattverd. Takkoffer til Den norske  
Israelsmisjon

**Søndag 5. november kl. 11.00**

Gudsteneste Alle helgens søndag  
Ole Wollert Meyer.  
Me minnes dei som har gått  
bort siste året  
Awana-grupper. Takkoffer til  
Bibelskolen Bildøy

**Søndag 19. november kl. 11.00**

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer  
Takkoffer til Navigatørene

**Søndag 26. november kl. 11.00**

Gudsteneste. Ole Wollert Meyer  
Awana-grupper. Nattverd  
Takkoffer til Stefanusalliansen

**Søndag 3. desember kl. 11.00**

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer  
Takkoffer til KPK Ukraina

Bøn for gudstenesta kl. 10.30-10.45 i  
grupperom 2. etg.

**Søndag 8. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 22. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 29. okt. kl. 11:**

Familiegudsteneste. Martin Ivar Arnesen  
Arnesen. Dåp. Utdeling av 4-årsbok.

**Søndag 5. nov. kl. 11:**

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen.  
Nattverd. Søndagsskole.  
Me minnast dei som har gått bort siste  
året.

**Søndag 12. nov. kl. 17:**

Familiegudsteneste. Song av Tau  
Barnegospel.  
Kveldsmat etter gudstenesta.

**Søndag 19. nov. kl. 17:**

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 26. nov. kl. 11:**

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskole.

**Søndag 3. des. kl. 11:**

Familiegudsteneste. Martin Ivar  
Arnesen. Dåp.  
Lys Våken. Song av Tau Tweens.

**Søndag 15. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp.

**Søndag 22. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 29. okt. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow.  
Nattverd. Søndagsskole.

**Søndag 5. nov. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow.  
Nattverd. Søndagsskole.  
Me minnast dei som har gått bort siste  
året.

**Søndag 12. nov. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.  
Klubben deltar. Søndagsskole.

**Søndag 19. nov. kl. 17:**

Familiesamling. Song av Jørpeland  
Barnekor.  
Kveldsmat etter gudstenesta.

**Søndag 26. nov. kl. 11:**

Gudsteneste. Mikael S. Zülow. Dåp.  
Søndagsskole.

**Søndag 3. des. kl. 11:**

Familiegudsteneste. Mikael S. Zülow.  
Dåp. Speidarane deltar.

**Med etterhald om endringar!****Sjå også våre heimesider:**[www.hjelmeland.kyrkja.no](http://www.hjelmeland.kyrkja.no)[www.tau-kyrkje.no](http://www.tau-kyrkje.no)[www.jørpelandsmenighet.no](http://www.jørpelandsmenighet.no)[www.forsand.kyrkja.no](http://www.forsand.kyrkja.no)